

Utsett og vedteke i forvaltningskomiteen

18.02.2013

Forvaltningskomiteen handsama 2 saker frå Uskedalen i det siste møtet sitt. Den eine vart utsett og den andre vart vedteke i tråd med innstillinga frå rådmannen.

Den som vart utsett var saka om tilbygg til driftsbygningen og restaurering av låven til Tor Jarle Kjærland. Naboen Ivar Kåre Døssland har gått i mot desse planane. Komiteen vedtok med 7 mot 2 røyster å utsetta saka og oppmodar Kjærland om å finna ei anna løysing for køyrebru, som ligg nær våningshuset til naboen.

Jan Helge Pile vart anbefalt dispensasjon slik at han får utvida kaia med 40 kvadratmeter, støype båtopptrekk framfor naustet og lage fundament for vedlikehald og framtidig tilbygg til eksisterande hyttenaust.